



Arkivnr: 2014/10495-9

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Prosessmøte - Evaluering av plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016

Bakgrunn:

Kontrollutvalet gjorde slikt vedtak i sak 10/14 i møte 17.2.2014:

1. *Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for forvaltningsrevisjon, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for selskapskontroll og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.*
4. *Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.*

Vedteken plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 ligg ved.

Drøfting:

I den godkjende prosjektplanen står det i punkt 4 dette:

«Det er eit krav om at plan for forvaltningsrevisjon skal vere basert på ein overordna analyse:

”Planen skal baseres på en overordnet analyse av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet ut fra risiko- og vesentlighetsvurderinger, med sikte på å identifisere behovet for forvaltningsrevisjon på de ulike sektorer og virksomheter.”

Gjennom den overordna analysen som blei gjennomført i 2011/2012 blei det innhenta relevant informasjon om verksemda til fylkeskommunen og om fylkeskommunen sine eigarskap. Den overordna analysen hadde som føremål å avdekkje risikoområde i forvaltninga og knytt til fylkeskommunen sine eigarskap, sett i høve til regelverk, politiske mål og vedtak. I samanheng med overordna analyse viser ”risiko” til sannsynet for og konsekvensane av at det kan førekome avvik frå til dømes regelverk, mål, politiske vedtak og andre føringar som fylkeskommunen har sett for verksemda og selskap

fylkeskommunen har eigarskap i.

For å sikre at plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll speglar dei mest vesentlege risikoområda i forvaltninga og ved fylkeskommunen sine eigarskap vil revisjonen gjennomføre ei undersøking for å avdekkje eventuelle endringar i risikobilete.»

I dette møtet skal Deloitte gjennomføre ein prosess der føremålet er at kontrollutvalet skal gjennomføre si endelege rullering av plan for forvaltningsrevisjon. Notatet som er utarbeidd på bakgrunn av revisjonen sine undersøkingar vert lagt fram for kontrollutvalet og vil utgjere grunnlag for diskusjonen i møtet.

Kontrollutvalet vert også minna på punkt 4 i vedtaket frå 17.2.14 der utvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.

Konklusjon:

På bakgrunn av dette vert det lagt opp til prosessmøte med føremål å rullere plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet godkjenner forslag til revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 med tilhøyrande analyse.
2. Revidert plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2016 vert å sende fylkestinget til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Plan for forvaltningsrevisjon 2012 - 2016